Fv55-Hp03

# RAPPORT
## (førebels)

etter steinblokk-ras mot rv. 55
ved Røneisberget 3/5 1982

## RASET

Mandag 3/5 omlag kl 12.00 fall auslagsvis 100-150 m³ fjell ut frå eit ras-sår i fjellsida i omlag 600 m høgde, sjå vedlagde skisse. Etter omlag 50 m loddrett fall vart fjellmassane mykje knuste mot ein skrå avsats, merka 1. Deretter har fjellmassane ført med seg omlag alt av jord- og vegetasjonsmassar i omlag første halvparten av raset si lengd. På denne strekninga er raset avgrensa av eit 50-60 m breitt gjel. På siste halvparten av rasstrekninga, der terrenget er åpnare og slakare, har dei finaste massane lagt seg til ro, medan dei største og rundaste blokkene har nådd ~~vegen~~ ned på jordet mot vegen

og dels gått over denne.
Ingen skadd under raset!

SITUASJONEN 4/5

Fjellsida ved ras-såret ser stabil ut, sett på 100-150 m avstand. Faren er at massane på avsats 1 og 2 kan rasa vidare, eventuelt enkle blokker, dersom dei stabili- (*) serande jordmassane blir oppbløytte. Det er lite vatn i området, difor vurderer eg situasjonen tolleg stabil. OBS! Fare ved oppbløyting av dei stabiliserande jordmassane ved neste års vårløysing!

Terrenget er vanskeleg tilgjengeleg ved avsats 1 og 2.

5/5 -82 SHF

Meir utførleg m/fargefotos seinare!

Rapporten send til: Vsj./Skj.
MS
AL
Vegm. Lillesvangstu
NS/SHF

(*) Avsats 1: Ca. 50 $m^3$ blokk i jordmasse. Fjellside 1:1,2
—"— 2: Ca. 30 $m^3$ blokk i litt jordmasse. Fjellside 1:1,5




| NR. | ENDRING - ERSTATNING | DATO | SIGN. |
|---|---|---|---|
| | | | |
| | | | |

| | MÅLESTOKK | |
|---|---|---|
| RV. 55, MARIFJØRA - GAUPNE | 1:5000 | TEGN.: 5/5-82 SHF<br>TRAC.:<br>KFR.: |
| Skisse av steinras ved Røneidsberget 3/5 1982 | ERSTATNING FOR: | |
| | TEGNING NR. | |
| | ARKIV NR.: | |

Z

◯ Foto-posisjonar